

## Resultat Vestlandskappleiken 1976 Granvin

Utklipp av artikkel i avisa Firda 21.08.1976.

# Spanande speltevling på Vestlandskappleiken

## Dagfrid Byrkjeland heldt tetplassen i kl. B.

Det var stor spaning om kven som skulle bli meisterspelemann på Vestlandskappleiken i Granvin siste helg. 30 spelemenn og ei kvinne var med i tevlingane på hardingfele, og spesielt i kl. A låg spelet på eit høgt nivå. Alle 10 i denne klassa fekk 1. premie. Svært spanande var det mellom Leif Rygg, Voss, og Knut Hamre, Granvin, som begge var toppkandidatar og fekk stor fagning for spelet sitt. Juryen kom til den salomoniske dom at dei begge fekk 282 poeng og kunne trekkje lodd om dei to gjævaste premiane.

syne seg å verte store vanskar, så var tida inne for kommunen og vegvesenet til å drøfte andre løysingar. Brua måtte komme på eit seinare tidspunkt, meinte rådmannen. Bruspsørsmålet kom skeivt ut mellom kommunen og vegvesenet, men det kan vi komme attende til om denne nye vegen skulle syne seg ubrukande i praksis.

Det vart så vedteke mot to røyster, Erdal og Hjellum, å gje formannskapet fullmakt til å tinge med firma til å byggje vegen inn-anfor ei kostnadsramme på 100.000 kroner. Rådmannen trudde at kontrakta skulle kunne vere klar innan nokre få dagar.

Rekkjefylgja i klassa elles vart: Kjell Midttun 276, Jostein Fjærestad 269, Finn Vabø 268, Torkel Tveiten 266, Sigmund Eikås 260, Oddmund Dale 254, Johs. Fenne 253 og Erling Kroken 253.

I kl. B fekk 8 av 11 deltakarar 2. premie og einaste kvinnelege deltakar, Dagfrid Byrkjeland frå Indre Sunnfjord Spelemannslag, toppa lista med 234 poeng. »Elles kan ein merke seg at helle 6 av dei beste i denne klassa var frå Sunnfjord og Sogn. Det tyder på eit godt miljø i kursarbeida, skriv bladet Hordaland. — Desse var m. a. Svein Skjerdal, Sogn, 232 poeng, Knut Sandnes, Indre Sunnfjord, 230, Georg Vie, Indre Sunnfjord, 229, og Einar Eimhjellen, Naustedalen, 223 — alle 2. premie.

I dansetevlingane var det medlemmer av Bygdedanslaget Bjørgvin som drog av med mesteparten av førstepremiane i dei tradisjonelle vestlandsdansane. Elles oppnådde dansepar frå Sogn høge poengsummar. Desse fekk 1. premie: Olna Hesjevoll med fylgje, Jostedalen, 78 poeng for Jostedalsspringar. Svein Skjerdal og Erna Skjerdal, Sogn, 82, for springar frå Indre Sogn.

Vestlandskappleiken samla eit stort og sakkunnig publikum som var med frå først til sist.

Notis i Firda 12.08.1976:

### Vestlandskappleik komande helg

35 spelemenn og 72 dansarar er påmelde til Vestlandskappleiken i Granvin laurdag og sundag.